



POLITI HØGSKOLEN

STUDIEPLAN

UTDANNING I FUNKSJONSRETTE LEIING FOR INNSATSLEIARAR

15 studiepoeng

Godkjent i høgskolestyret
28. august 2012

1. Innleiing

Innsatsleiaren er den øvste leiaren på taktisk nivå i politidistriktet ved hendingar som krev samordnande leiing. Innsatsleiaren kan kommandere ein innsatsstyrke i konkrete aksjonar og operasjonar. Ved hendingar som krev samordnande leiing, skal det alltid peikast ut ein innsatsleiar.

Innsatsleiing i ein skarp aksjon og ved redningsteneste eller andre alvorlege ulukker er blant dei mest krevjande politioppgåvene.

Funksjonen som innsatsleiar omfattar situasjonsvurdering, samordning av aktivitetar og ressursar, oppfølging og kontroll. Tid er ofte ein kritisk faktor. I svært mange høve må innsatsleiaren ha spesifikk kunnskap om arbeidet og vite korleis oppgåvene bør og kan løysast.

Innsatsleiarane må forstå kor komplekse organisasjonsprosessane er og korleis dei heng saman, og kjenne til dei formelle og uformelle strukturane i organisasjonen. Innsatsleiarar må utvikle gode relasjonar til medarbeidarar, offentlege etatar og andre som politiet samarbeider med.

Utdanninga vil handle om funksjonsspesifikke sider ved rolla som innsatsleiar pluss gjennomgang og drøfting av meir universelle teoriar i samband med funksjonen som innsatsleiar. Systematisk evaluering av øvingar og større hendingar, mellom anna rapporten til 22. juli-kommisjonen, vil vere viktige kjelder til lærdom i utdanninga.

Utdanninga gir 15 studiepoeng.

2. Føremål

Føremålet er å utdanne innsatsleiarar og medverke til å kvalitetssikre og vidareutvikle det operative arbeidet til politiet.

3. Målgruppe og opptakskrav

3.1 Målgruppe

Utdanninga rettar seg mot innsatsleiarar som anten har dette som fast stilling eller funksjon, eller som er tiltenkt ein slik funksjon i samsvar med lokale kompetanseplanar.

3.2 Opptakskrav

Søklarane må:

- ha politiskole/politihøgskole
- vere tilsette i politi- og lensmannsetaten
- ha brei politifagleg røynsle og minst tre års operativ teneste
- kjenne godt til relevante direktiv, rundskriv og planar, jf. pkt. 7.2

Søklarane må anten dokumentere ålmenn studiekompetanse eller utdanning som svarar til minst 60 studiepoeng, eller ha realkompetanse som kan erstatte manglande formell kompetanse.

Etter særskilt vurdering kan det gjerast unntak frå kravet om tre års operativ teneste.

4. Læringsutbyte

Ålmenn kompetanse

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- forstå rollen til innsatsleiaren
- stå fram som ein tydeleg, inspirerande, inkluderande og rådsnar leiar
- identifisere og vurdere etiske dilemma i samband med innsatsleiing
- forstå at det er viktig med både teoribasert og røynslebasert kunnskap

Kunnskap

Etter gjennomført utdanning har studentane kunnskap om:

- Rolla og ansvaret til innsatsleiaren i organisasjonen.
- Ulike leiarstilar, leiarroller og perspektiv på leiing.
- Konfliktar mellom rollene som innsatsleiar og fagperson.
- Organisasjonar og organisering med vekt på:
 - stab
 - team
- Situasjonsvurdering og vedtaksprosessar.
- Risikovurdering og kriser.
- Ulike kommunikasjonsmetodar.
- Stress.
- Røynslslæring og evaluering.
- Samarbeidspartnarar i redningstenestene.

Ferdigheiter

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- bruke sentrale omgrep, modellar og teoriar i innsatsleiing
- kommunisere med ulike målgrupper i ulike situasjonar
- bruke ulike verkemiddel og verktøy for å organisere, effektivisere og kvalitetssikre arbeidsprosessane
- reflektere over og utvikle eigen leiarpraksis og bruke ulike leiarstilar i rolla som innsatsleiar
- identifisere utfordringar knytt til politioperative oppgåver
- gjere val og gjennomføre dei
- forklare og vurdere eigne val under innsatsleiing
- handsame stress hos seg sjølv og andre
- evaluere løysingar undervegs i oppdraga og etterpå

5. Organisering og arbeidsmåtar

Studiet er organisert som eit deltidstudium med samlingar og studiearbeid utanom samlingane og skal i regelen gjennomførast på seks månader. Utdanninga tar om lag 420 timar. Dette omfattar undervising, øvingar, individuelt arbeid, gruppearbeid, nettbasert arbeid og litteraturstudium.

Samlingane utgjer inntil 140 timar som kan fordelast over kortare eller lengre tid. Det er obligatorisk å delta på samlingane.

Arbeidsmåtene i studiet skal gi studentane godt læringsutbyte, og særleg klargjere sambandet mellom teori og praksis. Det vert lagt vekt på varierte arbeidsformer med mykje studentaktivitet. Det vil vere ein sentral del i undervisinga å utøve leiarrolla under små og store øvingar. Det vil mellom anna vere relevante øvingar med simulator etter prinsippet «taktisk øving utan styrkar» (TØUS).

Ei nettbasert læringsplattform vert brukt til administrasjon og pedagogisk gjennomføring av studiet.

Arbeidskrav

Arbeidskrav som må vere oppfylte og godkjente før studentane kan ta eksamen

- Ei individuell oppgåve der studenten skal reflektere over eigen praksis som innsatsleiar i høve til teorien og krava til innsatsleiarar i PBS I (inntil 2500 ord).
- Ein munnleg presentasjon av eit sjølvvald emne. Studenten skal gi eit kort samandrag av det valde emnet. Emnet skal deretter knytast til funksjonen som innsatsleiar og eige leiarskap (inntil 1200 ord).
- eit refleksjonsnotat over eiga læring (inntil 1000 ord)

6. Vurdering

Studiet vert avslutta med ein munnleg eksamen med utgangspunkt i ei sak.

Karakterane er bestått / ikkje bestått.

7. Litteratur

7.1 Obligatorisk litteratur (i alt 845 sider)¹

- Arnulf, J.K. (2012). *Hva er ledelse?* Oslo: Universitetsforlaget. Kapittel 3-4. (52 sider)
- Bang, H. (2011). *Organisasjonskultur*. Oslo: Universitetsforlaget. Kapittel 3-4, 9. (73 sider)
- Eid, J. & Johnsen, B.H. (2006). *Operativ psykologi*. Bergen: Fagbokforlaget. Kapittel 9, 16 og 17. (55 sider)
- Ekman, G. (2004). *Fra prat til resultat - om lederskap i hverdagen*. Oslo: Abstrakt. Kapittel 1-2, 4-8 og 11 (104 sider)
- Eriksen, J. (2017). *Krise- og beredskapsledelse: Teamtrening* (2.utgåve). Oslo: Cappelen Damm. Kapittel 4 (84 sider).
- Flin, R. (1996). *Sitting in the hot Seat, Leaders and Teams for Critical Incident Management*. Kapittel 1 og 5 (66 sider)
- Haaland, F. & Dale, F. (2005). *På randen av ledelse: en veiviser i førstegangsledelse*. Oslo: Gyldendal Norsk. Kapittel 2-5 (74 sider)
- Myhrer, Tor-Geir. (2005). *Som siste utvei*. Oslo: Universitetsforlaget. Kapittel 4-5 (27 sider)
- Olsen, O.E., Mathiesen, E.R. & Boyesen, M. (2010). *Media og krisehåndtering. En bok om samspillet mellom journalister og krisehåndtering*. Kapittel 6 og 8 (50 sider)
- Spurkeland, J. (2014). *Relasjonsledelse*. Oslo: Universitetsforlaget. Kapittel 1-4, 9 (109 sider)
- Thompson, G. (2011). *Situasjonsbestemt ledelse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. Kapittel 2 og 5 (58 sider)

7.1 Skal vere kjent

- NOU 2012:14 *Rapport fra 22. juli-kommisjonen*. Kapittel 6-8, 14 og 19. Oslo: Departementenes servicesenter. Lest 28. august 2012:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/smk/dok/nou-er/2012/nou-2012-14.html?id=697260>

¹ Pensum er revidert 22. januar 2016

Oslo politidistrikt. (2012). *Utfyllende retningslinjer for nasjonale bistandsressurser ved Oslo politidistrikt*

Politidirektoratet. (2011). *Politiets beredskapssystem del I (PBS I)*.

Politidirektoratet. (2008). *Politiets beredskapssystem del II (PBS II)*.

Politidirektoratet. (2010). *Håndbok i krisekommunikasjon*. Politiets beredskapssystem del II (PBS II).

Politidirektoratet. (2012). *22. juli 2011*. Evaluering av politiets innsats.

